



Haakon Aase  
Litlebergen 31  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2640 - 16/20642

Saksbehandlar:  
Eirik Bouwer Utne  
eirik.utne@meland.kommune.no

31.10.2016

## Kulturminnevurdering reiskapshus Langeland, Nordre Bustølen, Meland kommune

Reiskapshuset på Nordre Bustølen, Langeland i Meland kommune, SEFRAK-Id 1256 205 121, vart opphavleg reist før 1900, truleg som jordkjellar. I mellomkrigstida, i 1926 og kring 1940, vart det reist ein ny etasje over og bygningen fekk sin noverande form.

Nordre og Søre Bustølen, høvesvis gnr/bnr 24/3 og 24/2 vart skilt ut frå nr. 1 i 1866. Bruka har eit svært flott og intakt kulturmiljø, med ei rekke bygg som står att – løer, våningshus, jordkjellarar, reiskapshus og bodar. Plassen ligg sentralt langs gang- og sykkelvegen frå Frekhaug/Mjåtveitmarka til Sagstad skule og Fossemyra idrettsanlegg, og svært mange barn og unge passerer det gamle innmarkslandskapet med tilhøyrande bygg på denne veggen.

Reiskapshuset står ved gamlevegen til Mjåtveit, som er ein mykje nytta turveg for Frekhaugfolket. Vegfaret går gjennom kupert innmark og passerer fleire SEFRAK-registrete bygg før den kryssar Mjåtveitelva ved den tørrmurte Nyebrua frå kring 1910.

Reiskapshuset er svært synleg i kulturlandskapet på plassen, med god kvalitet i murarbeidet og ein uvanleg kombinasjon av jordkjellar med reiskapsbod i overetasjen.

Kommunen arbeider med *Kulturminneplan for Meland kommune 2017–2022* og ser på strategiar for å betre formidlinga av nyare tids kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap, særleg for den yngre målgruppa. Reiskapshuset på Nordre Bustølen er svært verdifullt i ein slik samanheng, der det står i ein god og oversiktlig kontekst, som har god tilgjenge og ligg nær ein større skule.

Vidare har *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019* som eitt av to hovudmål å kunne betre tilgangen til naturen for Melandsbuen. Ein av strategiane i planen er å ta i bruk kulturminne og kulturmiljø langs turrutene for formidling, og for å danne meir heilskapelege opplevingar. Traseen i området er svært mykje brukt og dannar eit viktig utgangspunkt for kring 2 500 av innbyggjarane i kommunen.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Dersom eigar ønskjer å rehabilitere bygget, vil det vere av stor verdi for kulturmiljøet på staden. I tillegg vil arbeidet og resultatet kunne gi svært gode høve for å involvere barn og unge i tidlegare tiders handverk, bygningsfunksjonar og tunstruktur.

Med helsing  
Eirik Bouwer Utne  
leiar kultur

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Haakon Aase

Jorun M. Espetvedt

Litlebergen 31

Bustølvegen 62

5918

5918

FREKHAUG

FREKHAUG